

# Utviklingsplan Austrheim vidaregåande skule 2016-2018


Hordaland fylkeskommune legg ned rammene for utviklingsplanarbeidet i *Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2016-2018*. Styringsdokumentet legg opp til å styrke skulane sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde, men understrekar samstundes at det overordna målet står fast: *Auka læringsutbyte og fullføring*.

Skulen har hatt ein brei prosess med involvering av tilsette og elevar i utarbeiding av planen. Det vart utarbeidd ein ståstadsanalyse med tilgjengeleg informasjon om Austrheim skule (data frå PULS, elevundersøkinga og medarbeidarundersøkinga), som vart presentert for og drøfta med dei tilsette på ein av planleggingsdagane før skulestart. Deretter gjennomførte me ein SWOT-analyse på eit møte i fellestida, og lærarane gjennomførte ei eigenvurdering av skulen sin praksis. Alt dette gjekk inn i ståstadsanalsysen. På bakgrunn av dette starta leiargruppa utarbeidninga av sjølve planen. Med tilsette og elevrådet gjennomførte me deretter gruppearbeid på visjon, mål og tiltak. Til slutt vart eit utkast til plan med tiltak lagt fram for dei tilsette til drøfting og innspel.

Våren 2017 og på planleggingsdagane i august hadde både leiargruppa og dei pedagogisk tilsette ein prosess der me gjekk gjennom planen for å sjå på om det var trong for å justera eller legga til nye punkt. Ut i frå dette fekk leiargruppa mange innspel som vart drøfta på skulen. Me vart einige om å legga til nokre punkt blant anna om dybdelæring og deling på tvers av fagseksjonar under punktet om auka læringsutbytte.

Gjennomføringsoversikt av prioriterte tiltak vert fastslått i eigen sak for kvart halvår, skulen sitt årshjul.

## Verdiar, hovudmål og overordna tiltak



Kjerneverdien er godt innarbeidd, og signaliserer ei forventning til elevane og at skulen stiller opp for den einskilde eleven. Det at Austrheim vidaregåande skule er ein relativt liten skule gjer at ein har oversikt, og tidleg kan fange opp problematiske tilhøve. Hordaland fylkeskommune (HFK) operer med verdiane kompetent, offensiv og i dialog. Det er naturleg å ta også desse inn i den lokale utviklingsplanen, fordi desse skal gjennomsyre heile HFK si verksemd. Både kjerneverdien og HFK sine grunnleggjande verdiar ligg til grunn for visjonen, som beskriv ein ynskja tilstand i framtida. Her er det tatt utgangspunkt i HFK sin visjon «attraktiv og nyskapande».

### Hovudmål:

- *Auka læringsutbyte og fullføring*

Hovudmålet er slått fast av HFK i Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane. I den lokale utviklingsplanen for Austrheim vgs vert dette hovudmålet konkretisert i delmål og tiltak, både med utgangspunkt i HFK sin plattform for pedagogisk utviklingsarbeid og ut frå lokale prioriteringar.

Hordaland fylkesting fatta i handsaminga av skulebruksplanen følgjande vedtak i oktober 2016:

*«Austrheim vidaregåande vert oppretthalden. Endeleg vedtak om investering i ny skule vert gjort når det føreligg avklaring om ei framtidig regionreform. Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemndene.»*

Framleis er såleis ei eventuell rehabilitering og/eller nybygg noko usikkerert. Det er likevel liten tvil om at skulen i dag ikkje har tilfredsstillande lokale, og at eit nytt skulebygg i seg sjølv vil gjere skulen meir attraktiv og også bidra både til auka læringsutbytte og auka trivsel, og dermed auka fullføring. Dette ligg utanfor skulen sin kontroll, men skulen må vere offensiv og i dialog for å lukkast med å få realisert naudsynt rehabilitering og/eller nybygg.

## Auka læringsutbytte

### Delmål:

- *Austrheim vidaregåande skule skal oppnå betre elevresultat for kvar klasse når gjeld standpunkt-karakterar målt mot snittkarakter ved inntak.*
- *Austrheim vidaregåande skule skal redusere avvik mellom standpunkt- og eksamens karakterar i fag. I inneverande skuleår har vi særleg fokus på vurdering i faga norsk, matematikk og engelsk både på yrkesfag, studiespesialisering og påbygg.*

### Pedagogisk plattform:

Hordaland fylkeskommune legg ned nokre føringar for arbeidet med auka læringsutbytte i den pedagogiske plattforma for utviklingsarbeid:

Leiargruppa	Lærarane
Utvikle ein undervisnings- og vurderingskultur bygd på kunnskap, erfaringar og observasjon av læringssituasjonar, der det blir oppfatta som eit felles ansvar å undersøke kva elevane har lært og vurdere kva skulen skal gjere når eleven ikkje lærer det som er forventa.	Bidra aktivt til å utvikle ein felles undervisnings- og vurderingskultur bygd på kunnskap, erfaringar og observasjon av læringssituasjonar, der det blir oppfatta som eit felles ansvar å undersøke kva elevane har lært og vurdere kva skulen skal gjere når eleven ikkje lærar det som er forventa.
Halde seg oppdatert om nyare kunnskap og forsking innan skuleutvikling og ha kunnskaps- og erfaringsbasert dialog på skulen der elevane si læring står i sentrum.	Halde seg oppdatert om forsking og utvikling innan eige fagområde og bidra til ein kunnskaps- og erfaringsbasert dialog med mål om å utvikle ein undervisnings- og vurderingspraksis der elevane si læring står i sentrum.
Legge til rette for elevmedverknad i spørsmål av betyding for læringsutbytte.	Ha elevmedverknad i undervisninga i spørsmål som er av betyding for læringsutbytte.

## Tiltak

- Vidareføre satsing på vurdering for læring, mellom anna ved bruk av fellestid, men gi tiltaket ei ny innretning som involverer og engasjerer lærarane.  
*Ansvar: Leiargruppa.*
- Initiere lokalt læreplanarbeid hjå den enkelte lærar og i seksjonane.  
*Ansvar: Avdelingsleiarane, seksjonsleiarane og lærarane.*
- Vere i dialog med elevane om kompetansemål, undervisninga, vurdering, læringsutbyte og karakterar.  
*Ansvar: Lærarane.*
- Vurdere i større grad å gi elevane høve til å levere innleveringsoppgåver to gonger, der første gong er med skrifteleg tilbakemelding og andre gong er også med karakter.  
*Ansvar: Lærarane.*
- Utarbeide spørjeundersøking (eventuelt ei for studiespesialiserande og ei for yrkesfag) med undervisningsevaluering som kvar lærar gjennomfører i sine fag på ITS Learning to gonger i året.  
*Ansvar: Avdelingsleiarane og lærarane.*
- Vidareføre satsing på FYR og leggje til rette for samarbeid mellom lærarane i fellesfaga og (Yrkesretting av fellesfag) med prioritering av matematikk på vg1 og norsk og engelsk på vg2.  
*Ansvar: Leiargruppa og lærarane.*
- Utvikle ein delingskultur gjennom systematisk bruk av kollegaobservasjon, deling av undervisningsopplegg og drøfting av pedagogiske problemstillingar/case i seksjonane, samt eit betre IKT-system for deling av filer. Deling må også skje på tvers av fagseksjonane.  
*Ansvar: Avdelingsleiarane, seksjonsleiarane og lærarane.*
- Ha lærarstyrte pedagogiske kaféar, og leggje til rette for nyskapande initiativ og idear frå lærarane og seksjonane.  
*Ansvar: Avdelingsleiarane og lærarane.*
- Vidareføre skulevandring som tiltak for å følgje opp lærarane betre, mellom med fokus på kva og korleis dei underviser i dei respektive faga, samt korleis dei undersøker effekten av læringa.  
*Ansvar: Avdelingsleiarane.*
- Satse på kompetanseutvikling for lærarane gjennom etter- og vidareutdanning, samt gjennomføring av hospitering i bedrift for yrkesfaglærarar.  
*Ansvar: Leiargruppa og lærarane.*
- Gjere fellestida meir fagleg relevant, mellom anna ved å invitere foredragshaldar, og ved å utnytte ressursane i lærarkollegiet betre.  
*Ansvar: Leiargruppa.*
- Ha større grad av kontinuitet i felles prosjekt.  
*Ansvar: Leiargruppa.*
- Vidareføre Lektor2-ordninga.  
*Ansvar: Assisterande rektor og realfagseksjonen.*

- Ha meir variasjon i undervisninga ved å tenkje meir kreativt, meir bruk av andre kjelder enn lærebok, meir tverrfagleg samarbeid og gjerne flytte undervisninga ut av klasserommet meir. *Ansvar: Lærarane.*
- Ha meir elevmedverknad i val av undervisningsmetodar. *Ansvar: Lærarane.*
- Samarbeide meir om vurderingspraksis. *Ansvar: Lærarane.*
- Avdelingsleiarane skal vere i dialog med lærarane og seksjonane, samt følgje opp gjennom referat og deltaking på klasselærarråd så langt det er mogeleg. *Ansvar: Avdelingsleiarane.*
- Legge til rette for meir dybdelæring og mindre overflatelæring. *Ansvar: Lærarane.*

Bakgrunn for tiltak/forankring i ståstadsanalysen: Vurdering for læring kjem därleg ut i Elevundersøkinga og vert også trekt fram som ein veikskap i SWOT-analysen. Lokalt læreplanarbeid er ikkje godt nok praktisert på skulen i følgje eigenvurderinga, men her er det nok ein del forskjellar både mellom lærarane og seksjonane. Elevmedverknad i undervisninga kjem därleg ut i Elevundersøkinga. Det går vidare fram av både SWOT-analysen, gruppearbeidet og medarbeidarundersøkinga, at ein kan verte betre på deling av undervisningsopplegg, erfaringar osb. Desse punkta vert møtt med tiltak. Av medarbeidarundersøkinga, eigenvurderinga av skulen sin praksis og i SWOT-analysen går også det fram at leiinga må verte betre på å sjå den einskilde tilsette og gi positive tilbakemeldingar. I tillegg til ei generell bevisstgjering av leiarane, vert skulevandring vidareført som tiltak.

## Auka fullføring

### Delmål:

- *Prosentdelen elevar som har fullført og bestått skal aukast til 85 prosent på studieførebuande, 80 prosent på yrkesfag og 75% på påbygg.*

Dette inneberer ei auke i gjennomføring på om lag 5 prosentpoeng innanfor respektive studieførebuande, yrkesfag og påbygg.

### Pedagogisk plattform:

Hordaland fylkeskommune legg ned nokre føringar for arbeidet med auka fullføring i den pedagogiske plattforma for utviklingsarbeid:

Leiargruppa	Lærarane
Legge til rette for elevmedverknad i spørsmål som er av betydning for trivsel.	Ha elevmedverknad i undervisninga i spørsmål av betydning for trivsel.
Skape og halde ved like eit godt psykososialt miljø med nulltoleranse for	Skape og halde ved like eit godt psykososialt miljø med nulltoleranse for mobbing,

mobbing, gjennom samarbeid og ved å bygge gode relasjoner internt og eksternt.	gjennom å vere ein tydeleg klasseleiar og bygge gode relasjoner til gruppa og enkelteleven.
Kartlegge sider ved skulen si verksemd som kan føre til utanforskning og sjå til at det vert sett i verk effektive førebyggande tiltak/prosessar.	Møte alle elevar med respekt og omtanke og bidra til at dei opplever læring, motivasjon og meistring, uavhengig av bakgrunn eller individuelle føresetnader.
Identifisere elevar som står i fare for ikkje å fullføre og ha tett oppfølging og læring med fokus på meistring og motivasjon.	Identifisere og følgje tett opp elevar som står i fare for ikkje å fullføre, gjennom fagleg tilrettelegging og systematisk samarbeid med elev, føresette, skuleleiing og støtteapparat.

Tiltak:

- Kartleggingsprøvane på vg1 skal gjennomførast så tidleg som mogeleg i skuleåret, og støttetiltak skal seinast settast inn i veka etter haustferien.  
*Ansvar: Assisterande rektor.*
- Nærversteamet skal jobbe særleg opp mot elevar med mykje fråvær ved å vere tilgjengelege for elevane og reagere raskt når ein ser at elev er i ferd med å få mykje fråvær.  
*Ansvar: Koordinator for Nærversteamet.*
- Bruke elev mentorar aktivt for å fremje trivsel gjennom prosjektet Drømmeskolen, og legge til rette for trivselsfremjande aktivitet i storfriminutta som legg til rette for blanding av klassar.  
*Ansvar: Ressursgruppa for Drømmeskolen.*
- Vidareføre gratis havregrynsgraut til elevar i frukostfriminuttet.  
*Ansvar: Kantinestyret grøn profil og leiargruppa.*
- Gjere uteområdet meir attraktivt, mellom anna ved etablering av sandvolleyballbane, «street» basketball og busskur, noko som må sjåast i samanheng med rehabilitering/nybygg.  
*Ansvar: Leiargruppa.*
- *Ha fleire sosiale tiltak i klassane og fokus på å helse og smile, i samråd med elevane sine ynskje. Få elevane i gang med andre aktivitetar enn mobil i friminutta.*  
*Ansvar: Ressursgruppa Drømmeskolen.*
- Ha teambuildingsaktivitetar ved oppstart av skuleåret, der fleire av lærarane enn berre kontaktlærar vert involvert for å skape gode klassemiljø. *Ansvar: Leiargruppa, kontaktlærarane og ressursgruppa for Drømmeskolen.*
- Ha besøk av Opplæringskontoret og bedrifter tidleg i skuleåret for å gi elevar informasjon om utplassering, lærlingplassar og framtidige jobbar. *Ansvar: Avdelingsleiar for yrkesfag og elevtenesta.*

## System for skuleutvikling

### Delmål:

- *Austrheim vidaregåande skule vere ein lærande organisasjon som fremjar nytenking, deling og deltaking i gode utviklingsprosessar og gjennomføring av tiltak.*

### Pedagogisk plattform:

Hordaland fylkeskommune legg ned nokre føringer for arbeidet med system for og organisering av skuleutvikling i den pedagogiske plattforma for utviklingsarbeid:

Leiargruppa	Lærarane
Innvolvere tilsette og elevar i arbeidet med å vurdere skulen sine resultat og utarbeide utviklingsmål og tiltak som er tilpassa lokal kontekst og rammevilkår.	Bidra i felles vurdering av skulen sine resultat og samarbeide med skuleleiinga, lærarar og elevar om utarbeiding av utviklingsmål- og tiltak som er tilpassa lokal kontekst og rammevilkår.
Mobilisere dei ressursane som trengs for å gjennomføre utviklingstiltak og sjå til at gjennomføringa av tiltaka blir følgt opp og vurdert. Relevante ressursar kan til dømes vere kompetanse, tid, organisering, struktur og økonomiske midlar.	Fremje skulen si kvalitetsutvikling ved å bidra aktivt i gjennomføring og vurdering av skulen sine utviklingstiltak.

### Tiltak:

- Utvikle et system for utviklingsarbeid, samt gjennomføring og vurdering av tiltak, som fremjar deltaking, nytenking og resultat.  
*Ansvar leiargruppa og lærarane.*
- Ha møte årleg møte med elevrådet og skulemiljøutvalet for å drøfte resultat og oppfølging av elevundersøkinga, samt ha møte med elevrådet for å drøfte utviklingsplanen. *Ansvar: Leiargruppa.*

## Samarbeid, omdøme og profil

### Delmål:

- *Austrheim vidaregåande skule skal framstå som ein attraktiv og nyskapande skule med ein tydeleg profil knytt til sjø/havsport og næringsliv/industri og kvalitet i alle ledd.*

Tiltak:

- Arbeide for å opprette friluftsliv programfag for studiespesialisende og påbygg, og marknadsføre dette som ein del av skulen sin profil. *Ansvar: Leiargruppa.*
- Bruke sjøen aktivt gjennom diverse havsport aktivitetar i kroppsøving, ekskursjonar i naturfag og fokus på sjømat på restaurant- og matfag.  
*Ansvar: Faglærarane.*
- Bruke Rongevær kurs- og fritidssenter aktivt, og prøve å få til ein rammeavtale med Austrheim kommune.  
*Ansvar: Leiargruppa.*
- Vidareføre leigeavtalen med Austrheim kommune om bruk av havsporthuset og utstyr til havsportaktivitetar.  
*Ansvar: Ass. Rektor og avdelingsleiar for STUSP og HO*
- Vere medviten på korleis ein snakkar om skulen og elevane, og fokusere på det positive.  
*Ansvar: Alle.*
- Bruke Facebook-sida aktivt for å fremje positive saker, samt å nytte lokalavisene i saker som kan gi oppslag der.  
*Ansvar: Leiargruppa og lærarane.*
- Fokusere på internasjonalisering, spesielt gjennom Erasmus+ prosjekt.  
*Ansvar: Leiargruppa og lærarane.*
- Fremje interessene til skulen aktivt gjennom medlemskap i Kompetanseutvalet i Nordhordland Næringslag og gjennom styrerrepresentasjon i Opplæringskontoret i Nordhordland.
- *Ansvar: Rektor.*
- Rekruttering av elevar til skulen gjennom Utdanningsmessa, Utdanningsval og besøk på ungdomsskular. *Ansvar: Elevtenesta.*

Austrheim vidaregåande skule

12. september 2017

Kjersti Daland Næss, rektor